

---

**Fra:** Merethe Tvedt  
**Sendt:** 19. april 2018 14:23  
**Til:** 'lasse.dahl@norskluftambulanse.no'  
**Emne:** Orientering om dispensasjon for byggehøgde på næringsbygg, gbnr 22/245 Meland kommune.  
**Vedlegg:** sitkart\_22\_245\_3000.pdf; sitkart\_22\_245\_1000.pdf; E-1 Fasader (L)(400065).pdf; D-1 Situasjonsplan (L)(400079).pdf

Hei Lasse Dahl,

Meland kommune har motteke søknad om oppføring av industribygg på gbnr 22/245 på Mjåtveit, der deler av bygget måler 25,2 meter over gjennomsnittlig planert terreng.

Eigedomen er regulert av reguleringsplanen for Mjåtveit næringspark til Næring/forretning/kontor, og tiltaket er i samsvar med arealformålet.

Planen har regulert ein maksimal tillete gesimshøgde på 15 meter og maksimal tillete mønehøgde på 18 meter, over gjennomsnittlig planert terreng. Tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplanen, då deler av bygget måler 25,2 meter over gjennomsnittlig planert terreng.

Til Dykkar orientering/eventuell uttale:

Vi sender over kart og teikningar over omsøkt industribygg til dykk, for orientering og eventuell uttale.

Status i saka pr. dags dato er at den er sendt sektormynde: Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesenet for uttale. Høyringsinstansane sin frist til å kome med uttale er 4 veker frå 18.4.2018.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt  
Rådgiver byggjesak  
Meland kommune  
e-post: [merethe.tvedt@meland.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@meland.kommune.no)

